

VELKOMMEN SOM ELEV VED ASKØY VGS SKULEÅRET 2022/2023!

Det nye skuleåret startar opp måndag 15. august 2022.

Den første dagen møter dei ulike utdanningsprogramma samla pr. trinn, sjå tid for oppmøte under. Du får vite kva klasse du skal gå i (vg1), og møter kontaktlæraren din. Du vil få mykje praktisk informasjon første dagen, men før skulestart ber vi alle nye elevar om å lese brevet til vg1 som du også finn på skulen sin heimeside.

DESSE MØTER I AULAEN I VERKSTADBYGGET

KL. 09:00: VG1 BYGGFAG

KL. 09:30: VG1 TEKNOLOGI- OG INDUSTRIFAG OG ELEKTROFAG

KL. 12:00: VG2/VG3 TØMRAR, ELENERGI OG EKOM, INDUSTRITEKNOLOGI

DESSE MØTER I HOVUDBYGGET

KL. 10:00: VG1 HELSE OG OPPVEKST

KL. 10:30: VG1 STUDIESPESIALISERANDE

KL. 12:00: VG2 BARNE- OG UNGDOMSARBEIDARFAG OG HELSEARBEIDARFAG

KL. 12:30: VG2 STUDIESPESIALISERANDE

KL. 13:00: VG3 STUDIESPESIALISERANDE OG PÅBYGG

Hugs å svare på tilbod om plass i VIGO!

- Første inntak er 8. juli med svarfrist 15. juli
- Andre inntak er 22. juli med svarfrist 29. juli
- Tredje inntak er 9. august og du takkar ja til plass ved å møte opp på skulen første skuledag.



Står du på venteliste på eit anna tilbod, så blir du kontakta dersom det blir ledig.

Alle elevar i vidaregåande skule må ha eigen PC til skulestart. Les meir om ElevPC og tilgang til VLFK sitt nettverk her: <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/elevpc/>

Vi gjer merksam på at vi ikkje lar elevar byte klasse innafor det same utdanningsprogram dei første vekene i skuleåret. Dette er for å skape ein god og stabil start for alle.

Timeplan og klasselister vil bli synleg i VismalnSchool ved skulestart.

Har du ikkje fått skuleplass, og ønskjer å stå på venteliste hos oss, ta kontakt ved å sende e-post til skulen; post.asv@vlfk.no

Ta også kontakt dersom du har noko skulen bør vite om før skulestart.

Kleppestø. 4. juli 2022

Berit Karin Ø. Nilssen

Ass. rektor